

*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VURDERINGSRAPPORT

UTNE BARNEHAGE



Tema: Utne barnehage arbeidar målretta og systematisk med pedagogisk dokumentasjon og vurdering

Utne barnehage
Styrar Trude Elisabeth Bakken, tlf. 53 66 69 92
e-mail: pub@ullensvang.herad.no

Innholdsliste

1 Føreord	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling	3
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet	3
1.4 Mål	4
1.5 Rapporten	4
1.6 Barnehagevurdering	4
2. Fakta om barnehagen	4
3. Vurderingstema	4
4. Glansbilete.....	5
5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet.....	6
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet	8
7. Vidare arbeid	11
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga.....	12
Vedlegg 2 - Tidsbruk.....	12
Vedlegg 3 - Tidsplan.....	13
Vedlegg 4 - Metodar.....	14
Dokument- og resultatanalyse	14
Kriterium og teikn på god praksis	14
Samtaleguidar	14
Møte med føresette.....	15
Møte med styrar	15
Observasjon.....	15
Vedlegg 5 – Dette sa barna.....	15
Vedlegg 6 – Dette sa føresette.....	16
Vedlegg 7 – Dette sa personalet	17

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Grappa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført

- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om barnehagen

Utne barnehage ligg i sentrum av Utne. Miljøet rundt barnehagen er prega av gardar, fjorden, ferje og båttrafikk, matbutikk, bank, museum, hotell, bibliotek, kyrkja, skog og mark.

Utne barnehage er ein kommunal barnehage, som har vore i drift sidan 1986. Ny heildagsbarnehage vart bygd i 1992.

Utne barnehage er godkjend for 36 plassar, fordelt på to avdelingar. "Raud" avdeling med born frå 3-6 år og "Blå" med born frå 10 mnd- 3 år. Avdelingane har felles kjøken. Barnehagen er tilrettelagd for rullestol. Opningstida i barnehagen er frå 7.00- 16.30.

Barnehagen sitt nærområde er lite, men nærmiljøet vert ofte nytta. Dei er på turar i museumshagen, Tingvikje, både i skogen og nede ved fjøra. I museumshagen har dei tilgang til eit gammalt hus, "Tveisme- stova", her er grua der dei kan grilla og laga anna godt.

Utne barnehage har smørjemåltid kvar dag til lunsj.

3. Vurderingstema

Utne barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

"Utne barnehage arbeidar målretta og systematisk med dokumentasjon og vurdering"



4. Glansbilete

Tema: Utne barnehage arbeidar målretta og systematisk med dokumentasjon og vurdering

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen som lærande organisasjon Rammeplanen s. 50 <i>"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".</i>	<ul style="list-style-type: none">❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt pedagogiske arbeid
Personalet nyttar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring Rammeplanen s. 49	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet observerar og vurderar eige arbeid som grunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.❖ Ny kunnskap og innsikt syner att i planar og praksis❖ Personalet er medvitne på det etiske perspektivet ved dokumentasjon
Borna deltek aktivt i dokumentasjonen av barnehagen sitt pedagogiske arbeid Barnehagelova § 3 barns rett til medverknad Rammeplanen s. 13	<ul style="list-style-type: none">❖ Det er sett av tid slik at borna har medverknad i høve planlegging, dokumentasjon og vurdering❖ Borna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt syner att i kvardagen i barnehagen❖ Dokumentasjon gjev grunnlag for refleksjon med borna
Foreldre tek del i planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt innhald Rammeplanen s. 47	<ul style="list-style-type: none">❖ Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen❖ Foreldre har høve til å påvirke det pedagogiske arbeidet i barnehagen❖ Foreldre opplever at borna sine synspunkt vert ivaretekne og syner att i planar og kvardagen i barnehagen.

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet og godkjende av barnehagen.

5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium 1: Barnehagen som lærande organisasjon

"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Rammeplanen s. 50

❖ **Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen**

Alle i personalet meiner at styrar er ein tydelig leiar som gjev personalet god rettleiing og støtte. Styrar får mykje skryt av at ho er flink å sende personalet på kurs. Opplæring av nytt personale er ho god på. Personalet synes det er bra at styrar er veldig tydeleg på det ho vil. Personal møta blir brukt til drøfting av det pedagogiske arbeidet. Styrar har involvert personalet i utforming av verksemdsplanen og årsplanane. Dette har vurderarane funne ut gjennom intervju av heile personalgruppa. Vurderarane deltok også i eit pedagogisk leiarmøte, der me såg at styrar var pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen.

❖ **Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet**

Gjennom intervju og gjennom deltaking på pedagogisk leiarmøte, kjem det fram at leiarane er flinke med å gje personalet fagleg støtte og rettleiing. Både styrar og ped.leiar er flink til å støtta, visa og rettleia personalet i det pedagogiske arbeidet.

❖ **Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt pedagogiske arbeid**

Vurderarane ser og høyrer at barnehagen har eit reflektert og profesjonelt barnehagepersonale som drøftar det pedagogiske arbeidet på pedagogisk leiarmøte. Her diskuterer dei og set seg inn i aktuelle problemstillingar som dukkar opp. Personalet seier det er veldig bra at dei har avdelingsmøte kvar veke. Slik veit personalet alltid kva dei skal gjere. Her blir det laga sakliste og det vert skrivne referat som styrar skriv under på når ho har lest det. Om det er noko ho lurar på kommenterer ho det og kjem med innspel til nye saker.

Kriterium 2: Personalet nyttar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

Rammeplanen s. 49

❖ **Personalet observerar og vurderar eige arbeid som grunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.**

På avdelingsmøta blir det notert skriftleg om ting ikkje har fungert slik som dei tenkte. Dei brukar "Tras" og "Alle med" på alle barn i barnehagen. I slutten av eit prosjekt blir det gjort ei skriftleg vurdering som blir oppbevart i ein perm på personalrommet, synleg og tilgjengelig for alle i personalgruppa.

Observasjon vert nytta av alle i personalet. Slik kjem det fram om opplegget har vore vellukka eller om det må endrast. Observerer også enkeltbarn. Dette kjem fram gjennom intervju av både leiarar og assistentar.

❖ **Ny kunnskap og innsikt syner att i planar og praksis**

Vurderarane både ser og får høyra at personalet er oppdatert på det nye innen pedagogisk materiell. Personalet har fått mange kurs dei siste åra, noko som dei synes har vore veldig positivt. Når nokon i personalgruppa har vore på kurs, blir

innhaldet vidareformidla til resten av personalet på personalmøta. Det er blitt kjøpt inn mange pedagogiske opplegg som vert nytta både på avdeling Blå og avdeling Raud. T.d "Snakkepakken", "Steg for Steg og "Tarkus". Foreldra blir informert om innholdet i opplegga gjennom månadsplan og på dagtavla i garderoben.

Personalet har også vore på kurs i barnesamtalar. Dette vert no gjennomført i barnehagen.

❖ **Personalet er medvitne på det etiske perspektivet ved dokumentasjon**
Heile personalgruppa var einige i at dette var noko dei var medvitne om.

Kriterium 3: Borna deltek aktivt i dokumentasjonen av barnehagen sitt pedagogiske arbeid

Barnehagelova § 3 barns rett til medverknad
Rammeplanen s. 13

❖ **Det er sett av tid slik at borna har medverknad i høve planlegging, dokumentasjon og vurdering**

Barnehagen har starta med barnesamtalar, der borna får fortelje om kva dei synes er kjekt og mindre kjekt i barnehagen. Dette blir gjennomført med dei eldste borna i barnehagen.

Borna får etter tur vere "Vekas sjef" der dei blant anna får vere med å leia og bestemme innhaldet i samlingsstund.

Barnehagen har også gjennomført idemyldring i lag med borna. Som resultat vart det laga til ein prinsessedag og ein dinosaurdag.

Personalet seier at dei grip fatt i det som ungane er opptatt av og prøver å tilretteleggje aktivitetar ut i frå det. Når det gjeld dei minste i barnehagen seier personalet at dei les kroppsspråket deira og slik får kunnskap om kva dei likar eller har behov for.

❖ **Borna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt syner att i kvardagen i barnehagen**

Personalet seier at dette syner att blant anna i det borna leiker med. Dei har hatt prinsesseprosjekt og dinosaurprosjekt. Personalet spør kva dei synes og kva dei har lyst å gjera. Dette seier dei syner att i kvardagen og at dei legg opp dagen etter borna sitt behov.

Vurderarane ser at personalet er flinke til å tyda dei ulike uttrykka borna brukar i kommunikasjonen og at dette er noko dei tek omsyn til i kvardagen.

❖ **Dokumentasjon gjev grunnlag for refleksjon med borna**

I samtale med borna gjev dei alle uttrykk for at det blir tatt mange bilete i barnehagen. Dei tek bilete av alle borna og når barnehagen er på tur.

Dei fortalde om permane som dokumenterer heile barnehagetida til kvart barn. " *Det vert kjekt å sjå på kva me har gjort på når me begynnar på skulen*", sa eit barn.

Vurderarane såg at permar for kvart barn stod på både raud og blå avdeling. Dei minste borna hadde også "Boka mi". Her var det bilete av ungane i ulike situasjonar i barnehagen. Borna si vekt og høgde var også notert her.

Personalet fortalte at dei observerte borna og snakka med dei om ting som kunne vera vanskeleg, t.d. om borna hadde vanskeleg for å sleppe foreldre i garderoben om morgonen. Dei reflekterer også i lag med borna om turar dei har vore på, ting dei har funne og ting dei har gjort.

Kriterium 4: Foreldre tek del i planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt innhald

Rammeplanen s. 47

❖ Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen

Vurderarane såg og observerte at barnehagen informerte foreldre om kvardagen i barnehagen. Både munnleg og skriftleg informasjon Det vert laga månadsplanar, vekeplanar og avdelingsnytt på begge avdelingar. Borna fortel at foreldra får "sånne" lappar som dei kan sjå på og at personalet skriv på tavla. Borna fortalte også foreldra om ting dei hadde gjort.

Personalet fortel at foreldre får informasjon om pedagogisk materiell som barnehagen brukar, td. Snakkepakken, Tarkus og mattesettet. Dette vart gjort på eit foreldremøte. På foreldremøte blir det brukt prosjektor og lerret, der årsplanen og bilete frå kvardagen vert synte fram.

Foreldre seier at barnehagen er gode på planar og til å gje foreldre informasjon om kva dei skal gjera i barnehagen. Dei seier også at dei får god informasjon om utviklinga til borna gjennom Tras og Alle med og gjennom foreldresamtalar.

❖ Foreldre har høve til å påvirka det pedagogiske arbeidet i barnehagen

Foreldre veit at dei kan koma med tilbakemeldingar på årsplan og at dei har høve til å koma med innspel på foreldremøte og foreldresamtalar. Foreldre har kome med innspel om utedag og måltid som er blitt teke til fylgje av barnehagen.

Personalet seier at foreldre blir oppmoda om å koma med forslag til aktivitetar eller tema på foreldremøte. Det var foreldre som etter avstemming bestemte at det skulle vera smørjemåltid i barnehagen.

I samarbeid med foreldre nyttar barnehagen eit hus på museumet, der dei blant anna griller pølser.

❖ Foreldre opplever at borna sine synspunkt vert ivaretekne og syner att i planar og i kvardagen i barnehagen

Foreldre fortel at borna stort sett får lov til leike med det dei vil i barnehagen og at borna vert spurt om kva dei har lyst til når dei kjem i barnehagen.

Barnehagen arrangerte prinsessedag og dinosaurdag ut i frå borna sitt initiativ.

6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium 1: Barnehagen som lærande organisasjon

Rammeplan for barnehagar s. 50

❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen

Styrar meiner sjølv at ho kan bli enda betre på dette. Både tid og økonomiske rammer set grenser for dette arbeidet. Det er i utgangspunktet pedagogisk leiarmøte kvar veke, men det hender at dette lyt utsetjast på grunn av at styrar er på andre møte i administrasjonen.

❖ **Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt pedagogiske arbeid**

Personalet meiner det vert for lite tid til refleksjon og drøfting på avdelings,-og personalmøta. Det vert meir praktisk arbeid enn refleksjon over kvardagen i barnehagen.

Det er ikkje alltid at avdelingsmøta som er sett opp vert gjennomført.

Vurderarane meiner at personalet bør setja av meir tid på avdelingsmøte og felles personalmøte til å reflektera rundt det pedagogiske arbeidet. Til dømes i form av praksisforteljingar.

Kriterium 2: Personalet nyttar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

(Rammeplanen s. 49)

❖ **Personalet observerar og vurderar eige arbeid som grunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.**

Gjennom intervju gjev nokon uttrykk for at dei ikkje er gode nok på dette. Dei ynskjer eit system som gjer at det ikkje vert for tidkrevjande å dokumentere skriftleg. Til dømes eit skjema som kan setjast inn i perm slik at det vert tilgjengeleg for andre i personalet.

Vidare kjem det fram at ferdige opplegg som, Snakkepakken og Steg for steg ikkje vert dokumentert godt nok.

Eigne observasjonar er ikkje sett i system.

For å bli bevisst eige arbeid meiner vurderarane, til liks med punktet over, at dei ulike møta i barnehagen bør nyttast til å vurdere dei ulike opplegga barnehagen bruker i det pedagogiske arbeidet.

Kriterium 3: Borna deltek aktivt i dokumentasjonen av barnehagen sitt pedagogiske arbeid

(rammeplanen s. 13, barnehagelova § 3)

❖ **Det er sett av tid slik at borna har medverknad i høve planlegging, dokumentasjon og vurdering**

Personalet seier dei ikkje er gode nok på dette. Borna er ikkje med å t.d hengja opp bilete frå barnehagekvardagen eller teikningar, dette er det dei vaksne som gjer. Dette stemmer overeins med det borna sa på intervju: *"Dei er inne i kamera. Me kan ikkje få ut sånne bilete"*.

Vidare seier borna at dei av og til får bestemta kvar dei skal gå på tur, men at det som oftast vert ein annan stad enn det dei har ytra ynskje om.

På intervju med personalet kom det fram at borna ikkje vert tekne med på å planleggja dagen og at det sjeldan vert stilt spørsmål om kva dei kan tenka seg å gjera i barnehagen.

Borna er heller ikkje med å setja bilete inn i permene sine.

❖ **Borna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt syner att i kvardagen i barnehagen**

Det som står under punktet over fører til at borna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt ikkje vert synleg nok i kvardagen.

❖ **Dokumentasjon gjev grunnlag for refleksjon med borna**

Personalet seier at dei ikkje er godt nok trent til å stilla gode, opne spørsmål til ungane. Dei seier vidare at dei bør bruka tid på å snakke med borna om kva dei har gjort og kva dei ynskjer å gjera meir av. Etter ulike prosjekt bør det setjast av tid til oppsummering i lag med dei.

Personalet saknar eit system for korleis dei skal reflektera i høve dokumentasjonen. Det kjem fram i intervju at dei ikkje reflekterer så mykje med borna om t.d. turar og kva opplevingar dei har hatt.

Dei seier dei må bli flinkare til å ta fram permene til borna og snakka ilag med dei om det som er der. Nokon var usikre på om alle borna veit at dei har ein perm. Dette stemmer overeins med det borna sa: *"Me har ikkje sett inni dei, for me får ikkje lov"*. Borna gav uttrykk for at det hadde vore kjekt og sett i permene ilag med dei vaksne.

Kriterium 4: Foreldre tek del i planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt innhald

(Rammeplanen s. 47)

❖ Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen

Foreldre gav tilbakemelding på at dei ynskjer meir utfyllande informasjon på tavla om kva avdelinga har gjort i løpet av dagen. Dei ynskjer òg eit månadleg skriv om kva avdelingane har gjort, både med tanke på opplevingar og læring. Foreldre etterlyser informasjon om kva dei driv på med i "klubben".

Samlingsstund som vurderar var med på, kunne med fordel vore dokumentert med t.d. bilete, slik at føresette kunne sett kva borna opplevde i tillegg til at det vart skrive på tavla i gangen.

Vurderar observerte leik på avdelingane. Leiken kunne blitt dokumentert i form av bilete og litt tekst, i tillegg til at det vart skrive på tavla ved utgangsdøra. Slik kan foreldre få innsyn i både kva borna opplev, lærer og gjer i kvardagen i barnehagen.

Personalet meiner dei er gode på informasjon, men at foreldre er lite engasjert i det som vert sendt ut om det som skjer i barnehagen.

Foreldre sa at permene på eine avdelinga er vanskelege å finna, og at dei står under trappa. Foreldre ynskjer òg meir informasjon om læringa til borna.

Vurderarane meiner at permene må plasserast godt synleg, slik at både borna, personalet og foreldre kan ta dei fram når det høver.

❖ Foreldre har høve til å påvirke det pedagogiske arbeidet i barnehagen

Nokre foreldre gav uttrykk for at dei synes det er vanskeleg å koma med forslag til idear fordi dei ikkje vert høyrd. Dei synes heller ikkje det er lett å koma med kritikk til barnehagen, fordi enkelte av personalet kjem i forsvar eller vert fornærma.

Personalet seier at foreldre sjeldan kjem med forslag. Årsplanen blir alltid godkjend utan kommentarar eller innspel frå foreldre.

❖ Foreldre opplever at borna sine synspunkt vert ivaretekne og syner att i planar og kvardagen i barnehagen.

Nokre foreldre hadde ikkje inntrykk av at borna sine synspunkt syner att i kvardagen og i langtidsplanar, t.d. årsplan. I personalgruppa var det nokon som syntes at det er vanskeleg å få kvardagen i barnehagen med i planane.

Etterord:**Elles vil me sei:**

- ❖ Utne barnehage har ein god atmosfære der både born, foreldre og personale trivst
- ❖ Utne barnehage har grunnlaget for å driva ein barnehage med høg kvalitet
- ❖ Utne barnehage har eit oppdatert, reflektert og positivt personale som samarbeidar godt

LUKKA TIL VIDARE 😊

7. Vidare arbeid



6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad, dato

Namn vurderar

Namn vurderar

Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne: Born, føresette og personalet i Utne barnehage
- Eksterne: Eli Pernille Horvik og Anne- Line Mæland

Grunngjeving for val av tema:

For å få svar på problemstillinga, var det viktig at alle partar fekk uttala seg i høve tema.

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det er avsett ei veke til å vurdere ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Vedlegg 3 – Tidsplan for vurdering av Utne barnehage, Ullensvang herad

Tid	Aktivitet	Ansvar
Tysdag 25.01.11	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane lagar tidsplan - Sett på verksemdsplan for barnehagen 	Ingunn og Anne-Line
Veke 5	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen sender informasjon om barnehagen til vurderarane - Barnehagen tek ståstadsanalyse 	Styrrar Styrrar
Veke 6, innan torsdag 10.02	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen sender ståstadsanalysen til vurderarane 	Styrrar
Veke 7 Onsdag 16.02	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane møtast i barnehagen i Granvin for arbeid med glansbilete og fordelar ansvar 	
Veke 8	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane arbeidar individuelt 	
Veke 9 Onsdag 2.03 Fredag 4.03	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane møtast i Granvin - Laga ferdig glansbilete - Senda glansbilete til Utne barnehage 	
Innan veke 11	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen sender eventuelt merknadar til glansbilete tilbake til vurderarane - Barnehagen sender ut innkalling til foreldremøte 	Styrrar Styrrar
Veke 12	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane møtast om behov for siste finpuss 	
Vurderingsveke: veke 13		
Sundag 27.03.11 Kl. 18.00	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane møtast på Utne - Gjennomgang av planane 	
28.03 Kl.08.30 – 9.00 Kl.09.00 - 10.00 Kl.10.00 - 11.00 Kl.11.15 – 12.00 Kl.12.00 Kl.12.30 – 13.00 Kl.13.30 – 13.45 Kl.14.00 Kl.19.00 - 20.00	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderarane møter i Utne barnehage. Samtale med styrrar - Gjera seg kjend med store og små i barnehagen - Intervju med pedagogiske leiarar og førskulelærar - Barneintervju med ei gruppe barn, alder 5-6 år - Lunsj på avdelingane - Vurderarane har pause og oppsummering - Samtale med styrrar - Vurderarane reiser – førebu foreldremøte - Foreldremøte 	Anne-Line Anne-Line Eli Pernille/Anne-Line
29.03 Kl. 08.00 Kl. 09.00 – 10.00 Kl. 10.30 - 11.30 Kl. 11.30 – 12.00 Kl. 12.00 – 12.30 Kl. 12.15 – 13.15	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjon - Intervju med assistentar - Intervju med assistentar - Observasjon - Måltid på avdelingane - Observasjon 	Anne- Line Eli Pernille

Kl. 13.15 – 14.15 Kl. 14.30 – 15.00	- Intervju og rapport med styrar - Observasjon ute	Eli Pernille/Anne- Line
30.03.11 Kl. 9.00 -	- Observasjon og samtale med styrar	
31.03 Kl. 15.30 - 16.00 Kl. 16.00 Kl. 17.00 - 18.00	Vurderarane ferdigstiller rapporten - er ikkje i barnehagen - Møte med styrar - Klargjering til personalmøte - Personal møte, framlegging av rapport	
Innan 6 månader etter vurdering	- Styrar rapporterer attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. - Orienterar det politiske fagutvalet	Styrar

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtale, og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med føresette i barnehagen.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no- situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt daglege oppsummeringsmøte med styrar.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute og på avdelingsmøte.

Vedlegg 5 – Dette sa barna

1. Førearbeid

2. Kontaktetablering

- som de veit skal me snakka ommen fyrst skal me bli litt kjent med kvarandre.
- Presentasjon av born og vaksne

3. Innleiande prosedyrar

- Snakka ein og ein
- Rolleavklaring (kven skriv, kven spør, kven sit og ser på)
- Når me er ferdige villesa opp det som de har sagt.

4. Introduksjon til tema

Nå skal me snakka om korleis de har det i barnehagen....
Er de klar? Då byrjar me!

<ul style="list-style-type: none">• Me veit at de er på turar utanfor barnehagen, fortel om ein tur de har vore på! Hjelpespørsmål: Kven er det som bestemmer kor de skal gå? Går de på stader der som de ungane har lyst å gå? Fortel! Kor er det? Korleis får mamma eller pappa vita korleis de har hatt det på tur ?	
<ul style="list-style-type: none">• Kva gjer de når de kjem tilbake til barnehagen? Hjelpespørsmål: Snakkar de om det de har opplevd på turen? - Fortel! Me ser at det heng bilete og teikningar på veggen rundt i barnehagen <ul style="list-style-type: none">• Kven er det som bestemmer kva som skal hengjast opp?	
Me har høyrd at alle ungane i barnehagen har kvar sin perm	

<ul style="list-style-type: none"> • Eg har lyst å høyra kva som er i denne permen? Fortel! • Ser de i permen ilag med dei vaksne i barnehagen? <p>Hjelpespørsmål: Korleis synes du det er då, å sitja slik ilag med en vaksen?</p> <p>Snakkar de ilag om det som er i han?</p>	
---	--

Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Kriterium: Foreldre tek del i planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt innhald

Teikn på god praksis:

Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen	Skjer dette og på kva måte?
Foreldre har høve til å påvirka det pedagogiske arbeidet i barnehagen	Skjer dette og på kva måte?
Foreldre opplever at borna sine synspunkt vert ivaretekne og syner att i planar og i kvardagen i barnehagen	Skjer dette og på kva måte?
Set opp punkt som de meiner Utne barnehage er gode på	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli betre på	
Set opp punkt som foreldra kan bli betre på	

Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Kriterium: Barnehagen som lærande organisasjon

Teikn på god praksis:

På kva måte:

Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen	
Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet	
Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting i høve barnehagen sitt pedagogiske arbeid	

Kriterium: Personalet nyttar dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

Teikn på god praksis:

På kva måte:

Personalet observerar og vurderar eige arbeid som grunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.	
Ny kunnskap og innsikt syner att i planar og praksis	
Personalet er medvitne på det etiske perspektivet ved dokumentasjon	

Kriterium: Borna deltek aktivt i dokumentasjonen av barnehagen sitt pedagogiske arbeid

Teikn på god praksis

På kva måte:

Det er sett av tid slik at borna har medverknad i høve planlegging, dokumentasjon og vurdering	
Borna sine erfaringar, opplevingar og synspunkt syner att i kvardagen i barnehagen	
Dokumentasjon gjev grunnlag for refleksjon med borna	

Kriterium: Foreldre tek del i planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagen sitt innhald

Teikn på god praksis

På kva måte:

Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre informasjon om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen	
Foreldre har høve til å påvirka det pedagogiske arbeidet i barnehagen	
Foreldre opplever at borna sine synspunkt vert ivaretekne og syner att i planar og i kvardagen i barnehagen	

Vedlegg 8 - Observasjonar